

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 86

Namnet på vatnet Strandlivetuet

Kommune Sokndal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg i samarbeid med fiskerikonsulent Jostein Nordland ved Miljøvernavdelingen.

S T R A N D L I V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 18. sept. 1986.

Vatnet ligg i Sokndal kommune, på vestsida av R 501 mellom Hauge og Eia, og sør for Gautland.

Arealet er omlag 11 ha. og h.o.h. 124 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men ein kan sjå botn over store deler av vatnet, så det må karakteriserast som grunt. Stranda består for ein stor del av stein og fjell, men også myr og jordsmonn støyter til innimellom.

Gjørmebotn vil ein finna over det heile.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er ein frodig vegetasjon i vatnet, kor brasmegras og botngras er dominerande. Vidare vil ein finna flotgras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon m.v.

Nedslagsfeltet femner for det meste om skogsmark og det veks blandingsskog av furu og div. lauvtrær.

Hovudtilsiget fell inn i nord og kjem frå Gautlandsvatnet.

Forutan dette fell det inn mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i sør og munnar ut i "Hauge-elva".

Dei kjemiske tilhøva.

Det vart ikkje teke vassprøver for nærare analyse, men pH-målingar i hovudtilsiget, og ute på vatnet, synte begge 6.3. Dette er høge verdiar i høve til det som er vanleg i distriktet.

Fisk m.v.


Etter det vi fekk opplyst, er det ikkje utført kalking direkte i vatnet, men hovudtilsiget har vorte tilført kalk ved Gautland. Vidare har det vorte utført kalking i Gautlandsvatnet i 1985 og 1986, og då avlaupet herfrå går til Strandli-vatnet, slår kalkingseffekten ut og gir gode tilhøve for fisken.

Dette er då grunnen til dei relativt høge pH-verdiane vi fekk.

Før kalking av Gautlandsvatnet, vart Strandlivatnet rekna som eit på det næraste fisketomt vatn. Det har ikkje vorte sett ut fisk her, men fisken kan ferdast mellom nemnde vatn, serleg i flaumar og stor vassføring.

For å sjå om det var fisk i vatnet, vart det foreteke eit prøvafiske. Det vart sett ut 5 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 79 aurar.

Fordeler vi fangsten på garnomfara, og vidare på cm-klassar, får vi desse grafiske framsyningane.



Det vart teke prøver av 28 aurar og av desse var 25 røde, 1 lys-rød og 2 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 18 hanfiskar og 10 hofiskar.

5 av prøvafiskane var svakt angripne av parasittar.

Heile 27 fiskar var gytefisk og berre 1 gjellfisk.

Medelvekta av heile fangsten var 219.5 gram og den største fisken presis 500 gram.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengd i cm	4.2	8.6	13.6	18.5	24.2	29.4	33.8
Årleg lengdetilv. i cm	4.2	4.4	5.0	4.9	5.7	5.2	4.4
Antall fiskar	27	27	27	26	26	18	4

Ein fisk hadde ubrukande skjell for aldersavlesing

Medel kondisjonsfaktor = 1.07 tilseier fisk av god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Strandlivatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Konklusjon.

Ut frå den foretekne fiskeprøven kan vi slå fast, at tilhøva for fiskeproduksjon er gode i Strandlivatnet, og at det nåverande fiskebestandet ser ut til å vera bra avpassa det næringsforrådet som vatnet byr på. Dette skuldast i stor mon den kalkinga som har funne stad i Gautlandsvatnet og i bekken mellom desse vatna. Ein pH på 6.3 er langt frå det vanlege i vatna i dag.

Ser vi på omfarfordelinga, og vidare cm-klasseinndelinga, så syner desse fisk av ymse årgangar og storleikar. Det foregår såleis ei viss rekruttering i bekken mellom overnemnde vatn, slik at ytterlegare fiskeutsetjing ikkje er naudsynt.

Kondisjonsfaktoret er god sjølv om vekstkurven ligg litt i underkant av normalkurven.

Prøvefisket syner, at det alltid har vore eit fiskebestand i Strandlivatnet, men kalkinga av ovanforliggjande vatn har avgjort hatt positiv innverknad på fiskekvalitet m.v.

Nedslagsfeltet spelar som kjent ei avgjerande rolle når det gjeld næringsproduksjon, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Det er frå nedslagsfeltet at tilsiga kjem, og dei stoffa som tilsiga fører med seg, vil setja sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Ser vi på nedslagsfeltet for Strandlivatnet, så er det stort sett frodig vegetasjon over det heile, noko som gjer sitt til å nøytralisere den sure nedbøren vi i dag får. Fylgjeleg har ikkje vatnet blitt surare enn at fisken har kunna formere seg, men den utførte kalkinga har slått gunstig ut.

Når det vart fanga heile 79 aurar på 5 garn over 1 fangstnatt, tyder dette på at det er eit relativt stor fiskebestand i vatnet i dag.

Praktiske tiltak.

Kalking av bekken frå Gautlandsvatnet må halda fram som før. Ved å ta fleire pH-målingar gjennom året, og til ulike årstider, vil ein kunna koma fram til ei høvande kalkdosering.

Det er grunn til å tru, at bekken mellom desse to vatna vil kunna stå for ei tilfredstillande rekruttering, sjølv om

det ikkje er nokon ideell gytebekk. Ein treng såleis ikkje å setja ut fisk i Strandlivatnet.

Vatnet må opnast for sportsfiske (stangfiske) mot løysing av fiskekort. Dette vil kunna gi innkømer til vidare kultiveringsarbeid. Dei som steller med vatnet, må kunna driva eit avgrensa garnfiske med stormaska garn (omf. 14), for å nyttiggjera seg den større fisken.

Strandlivatnet ligg lageleg til for sportsfiske, og med eit fiskebestand av fin, matnyttig aure skulle ein tru at mange ville prøva fiskelukka nettopp i dette vatnet.

Etter 3-4 år bør det takast ein ny fiskeanalyse for å sjå om tilhøva har endra seg.

Stavanger 4/6-87

Einar Berg